



Det er slutt på den tida da vi berre tier og tåler

Taler
Erling Folkvord

Dato
1 mai 2005

Sted
Birkelunden, Oslo

- 1 Til lykke med dagen, godtfolk.

I år blir mai ein meire dramatisk månad enn vi er vant med.

- 5 Det er det same folkefiendtelege spøkelset som går igjen i heile Europa og elles der det finst offentlege velferdsordningar av eit visst omfang. Det er berre maktas språkbruk som varierer litt frå land til land. Berlusconi i Italia snakkar annsleis enn den sosialdemokratiske regjeringssjefen i Tyskland, men dei fører begge ein beinhard kamp mot arbeidarklassen og mot fagrørsla: Dei kuttar
- 10 offentlege budsjett og tar vekk sosiale og faglege rettigheter. Den italienske fagrørsla mobiliserer mot Berlusconi mens tyske fagforeningskameratar må føre forsvarskamp mot den sosialdemokratiske kanslaren som har Dei Grønne som støtteparti.
- 15 Her heime har Bondevik, Kjell Inge Røkke, Stein Erik Hagen, Erna Solberg og dei andre som styrer Norge, tatt mål av seg til å gjere store forandringar i løpet av våren. Dei satsar på at vi som blir styrt og hersa med, skal fortsetje å vere lydige, lågmælte og tålmodige.
- 20 Vi bør vise dei at det er slutt på den tida da vi berre tier og tåler. Anten det er urett som rammar oss sjølve. Eller det er urett som rammar andre.

- 25 I dei siste seks åra har Norge vori ein krigførande stat som sender ut sin eigen ungdom for å drepe og dø i krig for å etablere ein amerikansk verdsorden. I Jugoslavia, i Irak og i Afghanistan. Det er eitt år sia den første norske offiseren mista livet i denne urettferdige erobringskrigen. Vi bør ikkje gløyme at det var eit einstemmig Storting som sende han til Afghanistan.

Vi må slutte å finne oss i at Norge fører angrepskrig. Vi må vise folka i Afghanistan, i Irak og resten av Midtausten at det finst eit anna Norge, eit Norge som ønskjer at USA og USA sine norske allierte skal tape. Eit Norge som
35 ønskjer at dei som slåst for frigjering, skal lykkast.

Norge er den rikaste staten i Europa. Likevel bestemmer Stortinget at
40 kommunane ikkje skal få nok pengar til å drive anstendig eldreomsorg og ein god skole. Det breie fleirtalet i Oslo bystyre bukkar og skrapar for Erna Solberg og lesser alle byrdene over på folk flest i Oslo.

Dette må vi slutte å finne oss i. Ein bydelsdirektør som legg fram forslag om å
45 avvikle eldresenteret, berre fordi bystyret oppfører seg feigt og underdanig overfor storting og regjering, bør ikkje få ha ein einaste fredeleg og roleg dag. Det fleirtalet i bydelsutvalet som vedtar nye overgrep mot befolkningen, bør ikkje få vere i fred.

50 Vi har ikkje har råd til å miste ein einaste skole eller fritidsklubb, ikkje ei einaste avdeling verken i sjukeheim eller barnehage. Dei som treng heimehjelp og heimesjukepleie, skal ha fleire timar hjelp i veka, ikkje endå færre.

Ettersom dei fleste svikter både i bystyre og bydelsutval, så er det folket på
55 grasrota som må ta ansvar:

Fagforeningane, pårørandegrupper, idrettslag og velforeningar må ruste seg til vedvarande forsvarskamp og finne nye måtar å gjere motstanden så synleg at det blir plagsamt for makta.

60

Den tyske journalisten Günther Walraff sa for 25 år sia at "Forbrytelsen har navn og adresse". Dei budsjettkutta som blir vedtatt i bydelane denne våren er også forbrytelsar. Vi må finne motstandsformer som viser at også desse forbrytelsane har namn og adresse. Slik at både overgrepa og overgriparane blir
65 synlege: Byrådsleiar Erling Lae (H), byråd Margaret Eckbo (Frp) osv.

70 Regjeringa vil øydeleggje arbeidsmiljølova. Bondevik foreslår så store
lovedringar at dei bedriftene som utnyttar mulighetene fullt ut, kan innføre 13
timars dag og 78 timars arbeidsveke. Viss dette blir ny lov, vil undergravinga av
normalarbeidsdagen starte i småbedrifter og i lurvete firma som har spesialisert
seg på sosial dumping. Men etterkvart som den slags spreier seg, blir det eit press
75 for å forlenge arbeidsdagen og senke lønna for alle, også i dei bedriftene som i
dag har ordna forhold og gode tariffavtaler.

80 Denne våren har den nyliberale makteliten i Storting og regjering stilt seg eit
endå meire ambisøst mål. Dei har avtalt at bærebjelken i folketrygda skal
knekkast torsdag 26. mai.

Fram til februar var alle partia på Stortinget einige om opplegget. Da sørga
85 heldigvis landsstyret i SV for at partileiingas JA til trygdekutt vart snudd til eit
NEI TIL TRYGDEKUTT NÅ.

Dette handlar ikkje om at dei neste generasjonane skal bruke mindre pengar på
pensjon enn vi gjer i dagens Norge. Det er ikkje det Bondevik og Stoltenberg og
90 dei andre bekymrar seg om. Dei veit jo så inderleg godt at vi kan beholde dagens
folketrygd om den samla skatten berre auker med 1 promille, ein tiandedels
prosent i året.

Sjølve sakas kjerne er noko heilt anna: Folketrygda står i vegen for dei store
95 forsikringsselskapa. Så lenge vi kvart einaste år finansierer trygdeutbetalingane
over skatteseddelen, så får ikkje forsikringsselskapa sjanse til å ekspandere inn i
den svært store trygdesektoren. Storebrand, Vital og Gjensidige vil ha tak i dei
pengane som framtidige generasjonar ellers ville betale i skatt. - Ingen av
gjerningsmennene vil innrømme at det er slik. Stoltenberg og Bondevik snakkar
100 jo som om dei vil folkets beste. Men sjølve kjerna i den pensjonsreformen dei vil
ha opp i Stortinget 26. mai, det er at på sikt skal skatt erstattast av forsikring.

Folket må gi makteliten svar på tiltale. Og Landskonferansen av lokale LO-
avdelingar som var samla for to veker sia, ga eit svar som er høveleg. Utsendingar
105 frå 28 LO-avdelingar oppfordrar til generalstreik 24. mai, til forsvar for
folketrygda og arbeidsmiljølova.

110 Den oppfordringa gjeld heile befolkninga. Tirsdag 24. mai må vi sørge for at Oslo står stille. Da skal Bondevik og resten av gjengen bli omringa av folk som ikkje godtar eit trygdekupp i Stortinget rett før valet.

115 I suveren forakt for den samstemmige motstanden på grunnplanet har toppane i LO stilt seg opp ved sia av Bondevik og Stoltenberg i angrepet på folketrygda. LO seier dei vil kaste regjeringa. Det er jo utmerka. Men da er det jo fullstendig ulogisk at dei rett før valet vil lage kompromiss med den regjeringa som dei vil kaste.

120 For å seie det enkelt: I pensjonssaka er ikkje Gerd Liv Valla truverdig. Ho snakkar med to tunger.

125 For nokre dagar sia la LO-toppen fram sitt forslag til trygdekompromiss med Bondevik, som viser at LO-leiaren i denne saka ikkje berre har bryti med grunnplaner. Ho har tatt farvel med fornuften og. Gerd Liv Valla kallar opplegget sitt for Folkepensjon. LO-kompromisset går ut på at dei årlege trygdeutbetalingane i 2050 skal reduserast med 18 prosent samanlikna med kva det vil koste å fortsetje med dagens folketrygd. Bondevik vil som kjent redusere med 20 prosent, så det er jo ein bitteliten skilnad som det går an å kompromisse rundt. Kanskje vi kan gjette at LO-sjefen etter harde forhandlingar kan godta 18,5 eller 19 prosents trygdekutt?

135 Men samtidig som dei tilbyr eit slikt kompromiss til Bondevik, hevdar Gerd Liv Valla i fullt alvor at: "Den nye Folkepensjonen vil gi bedre pensjon for alle inntektsnivåer enn (hva) dagens folketrygd." (Sitat frå LO si heimeside.) Eg gjentar: Gerd Liv Valla, LO-leiar og nyvald sentralstyremedlem i Arbeidarpartiet, hevdar at ho har funni ut korleis absolutt alle kan få høgare pensjon enn dagens folketrygd, samtidig som dei samla utgiftene blir redusert med 18 prosent.

140 Eg spør: Skal vi gråte eller le? Eller skal vi spleise på ei kuleramme til LO-sekretariatet?

145 For 80 år sia skreiv ein av Oslos største diktarar, Rudolf Nilsen, eit nid-dikt om pampane på toppen i LO:

I sekretariatet

de ligger ansvarsflate
og undgår bryderi
150 for landets industri.
Slik kryper de på maven frem
og fører kamp med fynd og klem
i sekretariatet.

155 Eg foreslår at vi fram til generalstreiken 26. mai utlyser ein liten
diktkonkurranse. Kven er det som kan lage eit par nye vers som på høveleg vis
karakteriserer talkunstnarane i LO-toppen som i dag ligg ansvarsflate for
Storebrand, Vital og Gjensidige, i strevet for å splitte den nesten samstemmige
motstanden mot trygdekutt som preger fagforeningane i LO.

160 Klassekampen påviste i går at ein som tener 240.000 i året vil få sju prosent
mindre i pensjon viss LOs "folkepensjon" blir vedtatt, samanlikna med det som
dagens folketrygd gir. Vi kan samanlikne det med eit lønsoppgjer der LO-
toppen sitt krav til NHO er 7 prosent lønsnedslag for dei som tener 240.000
165 kroner og så gradvis høgare lønsnedslag for dei som tener meire. Ein
diktkonkurranse kan vise om det finst ord for å karakterisere den slags?

170 Norge er det einaste landet ved sia av Iran som er styrt av ein prest. Mens norske
storkonsern no er på veg inn i Iran, er fengsla hos det iranske presteregimet fylt
av fagforeningsaktivistar og andre frihetskjemparar. Komala, KDP-I og andre
organisasjonar ber i dag om støtte til dei som dannar uavhenige
arbeiderorganisasjonar i Iran. Desse fagforeningsaktivistane organiserer med
175 livet som innsats. Norske fagforeningar må gi dei full støtte og krevje at dei som
er fengsla blir slept fri.

La oss bruke 1. mai til både å styrke den nødvendige sosiale forsvarskampen i
Norge og den internasjonale solidariteten med dei som risikerer livet når dei slåst
180 mot kapitalistisk undertrykkjing i andre delar av verden.

Ha ein fin og raud 1. mai.

185 **Emner**
1. mai-tale, Innenriks

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/det-er-slutt-pa-den-tida-da-vi-berre-tier-og-taler>

190

195

200

205

210

215

220